



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 26.01.2021  
**Møtestad:** Heradshuset ,Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 15:30

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

---

**Andre møtande:**

Assisterande rådmann Åse Elin Myking  
Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2021	UTKAST TIL INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØOMRÅDA I NORDHORDLAND - ORIENTERINGSSAK
05/2021	UTTALE TIL HØYRING AV KONSEPTVALUTGREIING FOR BERGEN OG OMLAND, STATNETT



## Vaksdal kommune

- 06/2021**      **POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT**
- 07/2021**      **INNSPEL TIL KS SITT DEBATTHEFTE 2021 - OMSTILLING I KORONAEN SI TID**
- 08/2021**      **FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG VELFERDSGODER I  
VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND FYLKESKOMMUNE**
- 09/2021**      **DALEGARDEN – PLANMESSIG TILRETTELEGGING FOR DETALJHANDEL**
- 10/2021**      **STORSKALA BATTERIFABRIKK - VURDERING AV VAKSDAL KOMMUNE SOM AKTUELL  
LOKASJON**



**01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Framlegg om å endre rekkefølge i saksliste frå Thor Andersen, Ap.**

Behandle ettersendt sak med saks nr. 10/2021 Storskala batterifabrikk – vurdering av Vaksdal kommune som aktuell lokasjon før behandling av sak nr. 9/2021 Dalegarden – Planmessig tilrettelegging for detaljhandel.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Thor Andersen la fram forslag om å endre rekkefølge på sakslista:

Behandle ettersendt sak med saks nr. 10/2021 Storskala batterifabrikk – vurdering av Vaksdal kommune som aktuell lokasjon før behandling av sak nr. 9/2021 Dalegarden – Planmessig tilrettelegging for detaljhandel.

Thor Andersen sitt forslag fekk to stemmer (Thor Andersen, Ap og Heidi Rongved, Ap) og falt.

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend

**FPØ - sak 01/2021 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend.

**FPØ - sak 02/2021 Vedtak/Tilråding:**



Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Referatsak 03/2021.02 - Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV.**

1. Formannskapet ber om at det vert utarbeida høyringssvar "Den tredje statsmakt" Domstolene i endring.
2. Formannskapet ber om at NOU - rapporten 2020/15 Det handler om Norge vert kjøpt inn og distribuert til kommunestyret sine medlemmer i møte 09.02 og at høyring frå Vaksdal kommune vert handsama i formannskapet 09.03 og kommunestyret 23.03.2021 Høyringsfrist 26.03.2021

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

**Referatsak 03/2020.01**

**Kjartan Haugsnes, SV, la fram fellesforslag frå Sp, SV og Høgre:**

1. Formannskapet ber om at det vert utarbeida høyringssvar "Den tredje statsmakt" Domstolene i endring.
2. Formannskapet ber om at NOU - rapporten 2020/15 Det handler om Norge vert kjøpt inn og distribuert til kommunestyret sine medlemmer i møte 09.02 og at høyring frå Vaksdal kommune vert handsama i formannskapet 09.03 og kommunestyret 23.03.2021 Høyringsfrist 26.03.2021

Referatsaker og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

Det vart deretter røyste over punkt 1 i fellesforslaget, som vart samrøystes vedteke, så vart det røysta over punkt 2 i fellesforslaget, som vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 03/2021 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.



**Vedtak til referatsak 03/2021.02**

1. Formannskapet ber om at det vert utarbeida høyringsvar "Den tredje statsmakt" Domstolene i endring.
2. Formannskapet ber om at NOU - rapporten 2020/15 Det handler om Norge vert kjøpt inn og distribuert til kommunestyret sine medlemmer i møte 09.02 og at høyring frå Vaksdal kommune vert handsama i formannskapet 09.03 og kommunestyret 23.03.2021 Høyringsfrist 26.03.2021

---

**04/2021: UTKAST TIL INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØOMRÅDA I NORDHORDLAND - ORIENTERINGSSAK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune tek utkastet til orientering og har følgjande innspel til planprogrammet: .....

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet vedtok samrøystes å ta saka til orientering.

**FPØ - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune tek utkastet til orientering.

---

**05/2021: UTTALE TIL HØYRING AV KONSEPTVALUTGREIING FOR BERGEN OG OMLAND, STATNETT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal Formannskap sender følgjande høyringsuttale til Konseptvalutgreiing for Bergen og omland, frå Statnett:

- Vaksdal kommune støttar styrkinga av kraftnettet og betringa av forsyningstryggleiken for Bergen og omland, i tråd med auka forbruksvekst.



## Vaksdal kommune

- Vaksdal kommune ynskjer oppgraderinga av eksisterande trase til 420 kV gjennom Dale og kommunen velkomen, og ber om at det vert teke hensyn til befolkninga og næringslivet i kommunen.
- Vaksdal kommune krev å få delta i alle prosessar som gjeld tiltak innanfor kommunens grenser, og tiltak som får avgjerande betydning for kommunen.
- Vaksdal kommune forstår det slik at ved oppgradering av eksisterande kraftnett gjennom vår kommune, vil det verte etablert ny linje, før den gamle vert kopla frå. Kommunen føreset at alle konsekvensar vert grundig utgreia for eventuelt nye kabeltrasear, og at kommunen vert involvert i prosessane.
- Dersom det vert valt ny trase frå Samnanger til Kollsnes, ynskjer Vaksdal kommune å verte snarast informert, særleg dersom det vert aktuelt at nok av traseen kryssar sørlege delen av kommunen.
- Vaksdal kommune er informert om etableringa av ny transformatorstasjon på Dale klargjort for 420 KV , og har vore tydelege på krava til prosessen og avbøtande tiltak for dette store og langvarige byggeprosjektet.
- Vaksdal kommune er kjent med at Dale fabrikk har søkt om og fått løyve til å knyte til eit datasenter under Dale stasjon, med eit effektuttak på 20 MW. På sikt ynskjer Dale fabrikk å utvide datasenteret og har indikert eit effektbehov medrekna fase éin, på 100 MW. Kommunen er opptatt av at kraftnettet vert tilrettelagt for større lokalt uttak av kraft til næringslivet som har behov for dette.

### **Fellesforslag frå Sp, SV, Høgre og Frp, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**

Vaksdal Formannskap sender følgjande høringsuttale til Konseptvalutgreiing for Bergen og omland, frå Statnett:

- Vaksdal kommune ønsker ikkje etablering av nok ei høgspenline gjennom vår kommune. Prognosar for auka forbruksvekst handlar om elektrifisering av sokkelen, batterifabrikkar og datasenter. I tillegg stiller Vaksdal kommune seg spørjande til kvifor brorparten av produsert vasskraft i indre delar av Hordaland skal linjeførast til påtenkte prosjekt ute ved kysten.

- Vaksdal kommune ber om at eventuelle nye 420 KV liner vert lagt i sjøkabel der det er mogleg.

- Vaksdal kommune ber om at ved eventuell oppgradering av eksisterande trase til 420 kV gjennom Dale og kommunen at det vert teke hensyn til befolkninga og næringslivet i kommunen og særskilt dei som vert direkte berørt.

- Vaksdal kommune krev å få delta i alle prosessar som gjeld eventuelle tiltak innanfor kommunens grenser, og tiltak som får avgjerande betydning for kommunen.

- Vaksdal kommune forstår det slik at ved ei eventuell oppgradering av eksisterande kraftnett



gjennom vår kommune, vil det verte etablert ny linje, før den gamle vert kopla frå. Kommunen føreset at alle konsekvensar vert grundig utgreia for eventuelt nye kabeltrasear, og at kommunen vert involvert i prosessane. Vaksdal kommune ber om at ny linjeføring i kommunen vert lagt slik at den ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustader og bustadområde.

- Dersom det vert valt ny trase frå Samnanger til Kollsnes ber Vaksdal kommune om at den i si heilheit vert lagt i sjø.

- Vaksdal kommune er informert om etableringa av ny transformatorstasjon på Dale klargjort for 420 KV , og har vore tydelege på krava til prosessen og avbøtande tiltak for dette store og langvarige byggeprosjektet.

- Vaksdal kommune er kjent med at Dale fabrikk har søkt om og fått løyve til å knyte til eit datasenter under Dale stasjon, med eit effektuttak på 20 MW. På sikt ynskjer Dale fabrikk å utvide datasenteret og har indikert eit effektbehov medrekna fase éin, på 100 MW. Kommunen er opptatt av at kraftnettet vert tilrettelagt for større lokalt uttak av kraft til næringslivet som har behov for dette.

- Vaksdal kommune ber om at Statnett avventer utbygging av eit eventuelt nytt linjenett til lokasjon for evn. batterifabrikk og datasenter i Vestland fylke er avklara.

### **Tilleggsforslag frå Ap, Sp, SV, H og Frp lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**

I fellesforslaget frå Sp, SV og H strekpunkt 3. tillegg:

Ber om at ein og vurderer å legge deler av ei evn. line i bakken der den kjem i nærleik av eksisterande bustader.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

#### **Behandling:**

På vegne av Sp, SV og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV la fram følgjande fellesforslag til høyringsuttale:

Vaksdal Formannskap sender følgjande høyringsuttale til Konseptvalutgreiing for Bergen og omland, frå Statnett:

- Vaksdal kommune ønsker ikkje etablering av nok ei høgspenline gjennom vår kommune. Prognosar for auka forbruksvekst handlar om elektrifisering av sokkelen, batterifabrikkar og datasenter. I tillegg stiller Vaksdal kommune seg spørjande til kvifor brorparten av produsert vasskraft i indre delar av Hordaland skal linjeførast til påtenkte prosjekt ute ved kysten.

- Vaksdal kommune ber om at eventuelle nye 420 KV liner vert lagt i sjøkabel der det er mogleg.

- Vaksdal kommune ber om at ved eventuell oppgradering av eksisterande trase til 420 kV gjennom Dale og kommunen at det vert teke hensyn til befolkninga og næringslivet i kommunen og særskilt dei som vert direkte berørt.

- Vaksdal kommune krev å få delta i alle prosessar som gjeld eventuelle tiltak innanfor kommunens



grenser, og tiltak som får avgjerande betydning for kommunen.

- Vaksdal kommune forstår det slik at ved ei eventuell oppgradering av eksisterande kraftnett gjennom vår kommune, vil det verte etablert ny linje, før den gamle vert kopla frå. Kommunen føreset at alle konsekvensar vert grundig utgreia for eventuelt nye kabeltrasear, og at kommunen vert involvert i prosessane. Vaksdal kommune ber om at ny linjeføring i kommunen vert lagt slik at den ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustader og bustadområde.

- Dersom det vert valt ny trase frå Samnanger til Kollsnes ber Vaksdal kommune om at den i si heilheit vert lagt i sjø.

- Vaksdal kommune er informert om etableringa av ny transformatorstasjon på Dale klargjort for 420 KV , og har vore tydelege på krava til prosessen og avbøtande tiltak for dette store og langvarige byggeprosjektet.

- Vaksdal kommune er kjent med at Dale fabrikk har søkt om og fått løyve til å knyte til eit datasenter under Dale stasjon, med eit effektuttak på 20 MW. På sikt ynskjer Dale fabrikk å utvide datasenteret og har indikert eit effektbehov medrekna fase éin, på 100 MW. Kommunen er opptatt av at kraftnettet vert tilrettelagt for større lokalt uttak av kraft til næringslivet som har behov for dette.

- Vaksdal kommune ber om at Statnett avventer utbygging av eit eventuelt nytt linjenett til lokasjon for evn. batterifabrikk og datasenter i Vestland fylke er avklara.

Heidi Rongved, Ap hadde innspel til fellesforslaget. På vegne av AP,SV, Sp, Frp og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV la fram eit tilleggsforslag til fellesforslaget, strekpunkt 3:

Ber om at ein og vurderer å legge deler av ei evn. line i bakken der den kjem i nærleik av eksisterande bustader.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget frå Sp,S V og Høgre. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Ap, SV, Sp, Frp og Høgre vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - sak 05/2021 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal Formannskap sender følgjande høringsuttale til Konseptvalutgreiing for Bergen og omland, frå Statnett:

- Vaksdal kommune ønsker ikkje etablering av nok ei høgspenline gjennom vår kommune. Prognosar for auka forbruksvekst handlar om elektrifisering av sokkelen, batterifabrikkar og datasenter. I tillegg stiller Vaksdal kommune seg spørjande til kvifor brorparten av produsert vasskraft i indre delar av Hordaland skal linjeførast til påtenkte prosjekt ute ved kysten.

- Vaksdal kommune ber om at eventuelle nye 420 KV liner vert lagt i sjøkabel der det er mogleg.

- Vaksdal kommune ber om at ved eventuell oppgradering av eksisterande trase til 420 kV gjennom Dale og kommunen at det vert teke hensyn til befolkinga og næringslivet i kommunen og særskilt





dei som vert direkte berørt.

- Vaksdal kommune krev å få delta i alle prosessar som gjeld eventuelle tiltak innanfor kommunens grenser, og tiltak som får avgjerande betydning for kommunen.

- Vaksdal kommune forstår det slik at ved ei eventuell oppgradering av eksisterande kraftnett gjennom vår kommune, vil det verte etablert ny linje, før den gamle vert kopla frå. Kommunen føreset at alle konsekvensar vert grundig utgreia for eventuelt nye kabeltrasear, og at kommunen vert involvert i prosessane. Vaksdal kommune ber om at ny linjeføring i kommunen vert lagt slik at den ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustader og bustadområde.

- Dersom det vert valt ny trase frå Samnanger til Kollsnes ber Vaksdal kommune om at den i si heilheit vert lagt i sjø.

- Vaksdal kommune er informert om etableringa av ny transformatorstasjon på Dale klargjort for 420 KV , og har vore tydelege på krava til prosessen og avbøtande tiltak for dette store og langvarige byggeprosjektet.

- Vaksdal kommune er kjent med at Dale fabrikk har søkt om og fått løyve til å knyte til eit datasenter under Dale stasjon, med eit effektuttak på 20 MW. På sikt ynskjer Dale fabrikk å utvide datasenteret og har indikert eit effektbehov medrekna fase éin, på 100 MW. Kommunen er opptatt av at kraftnettet vert tilrettelagt for større lokalt uttak av kraft til næringslivet som har behov for dette.

- Vaksdal kommune ber om at Statnett avventer utbygging av eit eventuelt nytt linjenett til lokasjon for evn. batterifabrikk og datasenter i Vestland fylke er avklara.

### **Til strekpunkt 3:**

Ber om at ein og vurderer å legge deler av ei evn. line i bakken der den kjem i nærleik av eksisterande bustader.

---

## **06/2021: POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Politisk styringssystem og delegeringsreglement vert vedtatt slik det ligg føre.

**Endringsforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Erlend Hesjedal-Johannessen, H**

Lov om stadnamn vert delegert til Bygdeutviklingsutvalet



**Tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H**

Kommunestyret vedtek at Rådmannen endrar tittel til Kommunedirektør, jfr. kommunelova § 13-1 frå og med 01.mars 2021.

**Tilleggsforslag frå Ap lagt inn i møteportalen av Heidi Rongved, Ap**

Dei som skal velgast til faste representantar i Levekår og Bygdeutvikling skal vera faste medlemar i Kommunestyre

**Tilleggsforslag frå Frp lagt inn i møteportalen av Boris Groth, Frp**

Vara til Kommunestyre kan også veljast som vara til Levekårsutvalet og Bygdeutviklingsutvalet.

**Tilleggsforslag frå Sp, SV, Høgre, Frp og Ap lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**

Tillegg innstilling til kommunestyret.

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført eit temamøte hausten 2021 der delegasjon og delegasjonsreglement vert drøfta. Kommunestyret kan på bakgrunn av desse drøftingane vurdere om det er trong for endringar i delegasjonsreglementet, jfr kommunelova § 5-14

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.12.2020**

**Behandling:**

**På vegne av partia Sp, SV, Høgre, Frp og Ap la Kjartan Haugsnes fram følgjande forslag**

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 90/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

**Kommunestyret 15.12.2020**

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.



**KOM - sak 102/2020 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til neste møte. Fram til handsaming av nytt delegasjonsreglement gjeld noverande reglement.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Heidi Rongved, Ap la fram følgjande tilleggsforslag:

Dei som skal velgast til faste representantar i Levekår og Bygdeutvikling skal vera faste medlemar i Kommunestyret.

På vegne av Sp, SV og Høgre la Amalie Johnsen Lunde, H fram følgjande forslag om endring:

Kommunestyret vedtek at Rådmannen endrar tittel til Kommunedirektør, jfr. kommunelova § 13-1 frå og med 01.mars 2021.

På vegne av Sp, SV og Høgre la Erlend Hesjedal-Johannessen fram følgjande tilleggsforslag:

Lov om stadnamn vert delegert til Bygdeutviklingsutvalet

Boris Groth, Frp, la fram følgjande tilleggsforslag:

Vara til Kommunestyre kan også veljast som vara til Levekårsutvalet og Bygdeutviklingsutvalet.

På vegne av medlemmene i formannskapet la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført eit temamøte hausten 2021 der delegasjon og delegasjonsreglement vert drøfta. Kommunestyret kan på bakgrunn av desse drøftingane vurdere om det er trong for endringar i delegasjonsreglementet, jfr kommunelova § 5-14

**Røysting**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre som omhandla lov om stadnamn vart samrøystes vedteke.

Sp, SV og Høgre sitt tilleggsforslag om endring av tittel til kommunedirektør vart vedteken med 6 stemmer (Sp, SV, H, Frp, Ap), 1 stemte mot (Thor Andresen, Ap).

Ap sitt tilleggsforslag om faste medlemmer vart samrøystes vedteken.

Frp sitt tilleggsforslag om varamedlemmer vart samrøystes vedteken.

Tilleggsforslag om temamøte vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 06/2021 Vedtak/Tilråding:**



Politisk styringssystem og delegeringsreglement vert vedtatt slik det ligg føre med følgjande tillegg:

Lov om stadnamn vert delegert til Bygdeutviklingsutvalet

Kommunestyret vedtek at Rådmannen endrar tittel til Kommunedirektør, jfr. kommunelova § 13-1 frå og med 01.mars 2021.

Dei som skal velgast til faste representantar i Levekår og Bygdeutvikling skal vera faste medlemar i Kommunestyre

Vara til Kommunestyre kan også veljast som vara til Levekårsutvalet og Bygdeutviklingsutvalet.

**Tillegg innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret ber om at det vert gjennomført eit temamøte hausten 2021 der delegasjon og delegasjonsreglement vert drøfta. Kommunestyret kan på bakgrunn av desse drøftingane vurdere om det er trong for endringar i delegasjonsreglementet, jfr kommunelova § 5-14

---

**07/2021: INNSPEL TIL KS SITT DEBATTHEFTE 2021 - OMSTILLING I KORONAEN SI TID**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Formannskapet vedtok samrøystes å ta debattheftet til orientering.

**FPØ - sak 07/2021 Vedtak/Tilråding:**

Debattheftet vert teke til orientering.

---

**08/2021: FORSKRIFT OM FOLKEVALDE SIN RETT TIL GODTGJERSLE OG VELFERDSGODER I VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND FYLKESKOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Vaksdal kommune, Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.



**Fellesforslag frå Sp, SV, Ap, Frp og Høgre lagt inn i møteportalen av Hege Eide Vik**

Formannskapet ber om at varaordfører si rolle og stillingsstorleik vert drøfta i samband med temamøte om delegasjonsreglement hausten 2021.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

**Formannskapet la fram følgjande forslag til vedtak:**

Formannskapet ber om at varaordfører si rolle og stillingsstorleik vert drøfta i samband med temamøte om delegasjonsreglement hausten 2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 08/2021 Vedtak/Tilråding:**

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Vaksdal kommune, Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.

Formannskapet ber om at varaordfører si rolle og stillingsstorleik vert drøfta i samband med temamøte om delegasjonsreglement hausten 2021.

---

**09/2021: DALEGARDEN – PLANMESSIG TILRETTELEGGING FOR DETALJHANDEL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet ber Rådmannen starte arbeid med ny heilskapleg reguleringsplan for Dalegarden, med intensjon om å legge til rette for etablering av detaljhandel i området. Rådmannen får fullmakt til å tilpasse planen slik at dette er mogleg å få gjennomført. Lokalt næringsliv og handelsverksemd skal involverast i planprosessen.

**Forslag til vedtak frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap**

Formannskapet ber rådmannen starte arbeidet med en handelsanalyse for Dale.



Arbeidet med analysen går parallelt med vedtatt oppstart av arbeidet med en kommunal sentrumsplan.

Dette arbeidet må være gjennomført før politisk behandling om oppstart av arbeidet med ny reguleringsplan for Dalegarden.

Næringsdrivende og innbyggere blir invitert til og delta fra starten av arbeidet.

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021

#### **Behandling:**

Thor Andersen, Ap la fram følgjande forslag til vedtak:

Formannskapet ber rådmannen starte arbeidet med en handelsanalyse for Dale.

Arbeidet med analysen går parallelt med vedtatt oppstart av arbeidet med en kommunal sentrumsplan.

Dette arbeidet må være gjennomført før politisk behandling om oppstart av arbeidet med ny reguleringsplan for Dalegarden.

Næringsdrivende og innbyggere blir invitert til og delta fra starten av arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Ap sitt forslag til vedtak. Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 stemmer (Sp, SV, H og Frp), medan Ap sitt forslag fekk 2 stemmer (Ap) og falt.

#### **FPØ - sak 09/2021 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet ber Rådmannen starte arbeid med ny heilskapleg reguleringsplan for Dalegarden, med intensjon om å legge til rette for etablering av detaljhandel i området. Rådmannen får fullmakt til å tilpasse planen slik at dette er mogleg å få gjennomført. Lokalt næringsliv og handelsverksemd skal involverast i planprosessen.

---

### **10/2021: STORSKALA BATTERIFABRIKK - VURDERING AV VAKSDAL KOMMUNE SOM AKTUELL LOKASJON**

#### **Rådmannen legg fram fylgjande alternative forslag til vedtak:**

1. Vaksdal kommune ynskjer å melde inn ein eller fleire areal i Vaksdal kommune som aktuell lokasjon(ar) for storskala batterifabrikk.
2. Formannskapet ber rådmannen kontakte aktuelle nabokommunar for samarbeid, og framheving av kvalitetane og ressursane Vaksdal kan tilby.

**Forslag frå SV, Høgre og Frp lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**



1. Vaksdal kommune ser positivt på etablering av datasenter og batterifabrikkar i område som har gode føresetnader for kraftproduksjon og som krever mindre utbygging av ny infrastruktur og nye kraftlinjer, som til dømes Voss.
2. Vaksdal kommune skal posisjonere seg til framtidige prosjekt innanfor kraftforedlende område. Dette vert innarbeida i Strategisk Næringsplan.
3. Vaksdal kommune skal følge opp vedtak frå budsjett 2021, punkt om Næringsareal der kommunestyret ber om at det vert utarbeida oversikt og prospekt over ledig næringsareal i kommunen.

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.01.2021

#### **Behandling:**

Ordfører Hege Eide Vik stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Hege Eide Vik er ugild i medhald av fv.l. § 6 b) når ho er i slekt med ein part i opp- eller nedstigande linje.

Ordfører trådte ut frå møtet og varaordfører Kjartan Haugsnes, SV, overtok som møteleiar.

#### På vegne av SV, Høgre og Frp la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:

1. Vaksdal kommune ser positivt på etablering av datasenter og batterifabrikkar i område som har gode føresetnader for kraftproduksjon og som krever mindre utbygging av ny infrastruktur og nye kraftlinjer, som til dømes Voss.
2. Vaksdal kommune skal posisjonere seg til framtidige prosjekt innanfor kraftforedlende område. Dette vert innarbeida i Strategisk Næringsplan.
3. Vaksdal kommune skal følge opp vedtak frå budsjett 2021, punkt om Næringsareal der kommunestyret ber om at det vert utarbeida oversikt og prospekt over ledig næringsareal i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Ordfører vart invitert tilbake i møtet.

#### **FPØ - sak 10/2021 Vedtak/Tilråding:**

1. Vaksdal kommune ser positivt på etablering av datasenter og batterifabrikkar i område som har gode føresetnader for kraftproduksjon og som krever mindre utbygging av ny infrastruktur og nye kraftlinjer, som til dømes Voss.
2. Vaksdal kommune skal posisjonere seg til framtidige prosjekt innanfor kraftforedlende område. Dette vert innarbeida i Strategisk Næringsplan.
3. Vaksdal kommune skal følge opp vedtak frå budsjett 2021, punkt om Næringsareal der



## Vaksdal kommune

kommunestyret ber om at det vert utarbeida oversikt og prospekt over ledig næringsareal i kommunen.

---





### **ORIENTERINGAR**

Orientering frå ordførar Hege Eide Vik

- NTP
- Kommunal kriseleiing
- K5, Stanghelleseminaret og pressetreff på togstasjonen
- Styremøte Vaksdal Næringssselskap
- LVK
- Ingeborgs legat og jubileumsmarkering
- Osterfjorden Næringsssamarbeid
- Møte med leiande reinhaldar om koronadrift
- Nyttårsmøte med fylkesordførar
- Arbeidsgruppe Diakon
- Kommunevertar
- Film om det internasjonale DISH prosjektet
- Ordførar møte i Vestland
- Eigarmøte BIR
- Interkommunal plan for sjø i Nordhordland
- Kyrkjeleg fellesråd, tema vidare samarbeid om økonomi
- Festspekkonsert i Dale kyrkje
- Signerte ordføraroppdrag, oppfølging av oppdrag til Moria og krav til Goggle om bruk av nynorsk.
- Kulturpris 2020 og 2021
- Medarbeidersamtaler med rådmannen
- Møte med Bergen og omegnskommunar vedk mutert virus og tiltak dersom dette oppstår i vårt område.

### **SPØRSMÅL**

#### **Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes, SV:**

Nils Jamne/Jamne eigedom har vore i kontakt med kommunen om avhending av eigedom til bustadføremaal på Vaksdal. Dette gjeld mellom anna utbyggingsområdet 17/12 «Svena»  
Sist det var kontakt mellom Jamne eigedom og kommunen var i brev form 30.07.2019 og Jamne eigedom har no kome til politisk miljø for å få ei avklaring på eigdommen.

Spørsmål.

Vert sak om dette førelagt formannskapet snarast?

#### **Mellombels svar frå rådmannen:**

Rådmannen arbeider med ei sak, som vil koma til behandling i neste møte.

### **MUNNLEGE SPØRSMÅL**

Boris Groth, Frp stilte spørsmål kring bruk av lokal arbeidskraft i anbodskonkurransar og bruk av fleire kriterium enn pris ved vekting av innhaldet i tilboda.

Rådmannen svarte.



## Vaksdal kommune

Thor Andersen, Ap hadde eit tilleggsspørsmål til Boris Groth, Frp sitt spørsmål som omhandla krav til tariff løn sett i anbodet.

Formannskapet konkluderte med at spørsmåla skulle sendast inn skriftleg og at svar vert sendt ut skriftleg i samband med kommunestyremøtet 9. februar 21.